



MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtedato: 06.01.2014
Møtetid: 15:00 -
Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

ordfører

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/14	13/852	Faste saker	
002/14	13/849	Oppfølging av rapport om barnevernet i Samnanger kommune	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 13/852	Løpenr: 13/6888
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	06.01.2014	001/14	TR

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter

Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FA-F47
Arkivsaksnr: 13/849	Løpenr: 13/6887
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	06.01.2014	002/14	TR

OPPFØLGING AV RAPPORT OM BARNEVERNET I SAMNANGER KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Advokatfirmaet Kyrre: Gransking av barneverntjenesten i Samnanger kommune 18.12.2013

Kva saka gjeld:

Kommunestyret fekk seg i møte den 18.12.2013 førelagd rapport for granskinga av barnevernstenesta i Samnanger kommune. Rapporten var eit svar på kommunestyret sitt vedtak i møte 20.06.2013. Det vart her fatta slikt vedtak:

KS-037/13 VEDTAK:

Samnanger kommune set i gang ei gransking av barnevernet i kommunen etter det opplegget som er skissert i skriv frå advokat Arve Hæreide:

Framdrift:

- Gruppa med representantar frå alle parti i kommunestyret held fram som styringsgruppe for granskinga og legg resultatet av granskinga fram for kommunestyret. Arve Hæreide skal framleis arbeida som sekretær for styringsgruppa.
- Arve Hæreide inviterer tre ulike firma til å arbeida ut tilbodsdocument, med det målet at anbodet vedr. gransking av barnevernet vert lyst ut seinast 15.07.2013. Det må gjerast klart i utlysinga at tilbydarane skal kunna visa til lang røynsle frå arbeid med barnevernssaker. Ein søker òg etter høg juridisk kompetanse og røynsle frå granskingar.
- Fristen for å gje anbod vert sett til fem veker etter utlysinga, dvs. seinast 19.08.2013. Styringsgruppa gjev tilråding, og formannskapet får mynde til å gjera vedtak om kva tilbydarar ein skal velja. Dette skal skje innan utgangen av august.
- Når valet av tilbydar er gjort, vert granskinga sett i gang straks, og målet er å leggja fram eit resultat for kommunestyret på siste møtet i desember.

Innhaldet i granskinga:

Dette vil verta nærare definert i utarbeidinga av tilbodsdocumenta, men i granskinga må ein gå grundig inn i einskildsaker. Elles må i alle høve desse momenta vera med:

- Ei vurdering av om barnevernstenesta i Samnanger er innanfor ramma av lovverket når det gjeld utprøving av hjelpetiltak før omsorgsovertaking vert vedteke, og om det vert sett i verk gode nok hjelpetiltak i dei sakene der omsorgsovertaking ikkje vert gjennomført.
- Ein gjennomgang av om barnevernsloven og forvaltningsloven vert følgde.
- Ei utgreiing om barnevernet si handsaming av innvandrarar og flyktningar frå den tredje verda.
- Ei undersøking av korleis borna og biologiske foreldre vert følgde opp etter at omsorgsovertaking er sett i verk. Her vil det vera naturleg at granskarane gjennomfører samtaler med dei borna som det i høve til alder og utvikling er tilrådeleg å intervjuja.
- Ei kartlegging av dei tilsette i barnevernstenesta, inkludert korleis den einskilde fungerer i stillinga si. Her må ein òg sjå på det psykososiale miljøet blant dei tilsette. Det må særleg undersøkjast kva evner dei tilsette har til å skapa kontakt og tillit hos brukarane/foreldra.
- Ei vurdering av korleis samarbeidet er mellom barnevernet og andre tenester, t.d. barnehage, skule og lege/helsesøster.

Granskarane må ha ein viss fridom til, i samarbeid med styringsgruppa, å vurdere fokus og retning på arbeidet undrevegs.

Økonomi:

Det vert løyvt ei ramme på 1,5 millionar til granskinga, inkludert betaling av sekretær og utgifter til å setja oppdraget ut på anbod. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet.

I formannskapsmøte 19.12.2013 vart det avtala at formannskapet skulle ha eit møte tidleg i januar 2014 der ein skulle drøfta korleis ein skal fylgja opp rapporten. Formannskapet vil på dette møte drøfta korleis arbeidet med rapporten skal leggjast opp. Det er m.a.o. ikkje aktuelt å laga saksutgreiing til dette møtet.

Formannskapet tek sikte på å ha eit nytt møte 22.01.2014. Til dette møtet vert det laga saksutgreiing som m.a. er basert på konklusjonar og innspel frå møtet den 6.1.2014.